

# Dagen

BERGEN

Politisk tendens: Uavhengig

(Se baksiden!)

13-08-033

28. JUL. 1983

## Moralsk opp- rusting i S. og Fj.

Alkohol og narkotika opp-  
tek også mange med dei ska-  
deverknader dette fører med  
seg. Hotellnæringa argumen-  
terer med at skal dei overleve,  
ja, så må dei ha alkoholserve-  
ring, elles går arbeidsplas-  
sane i næringa tapt. Det er  
nemleg noko fundamentalt  
gale her, og dette må rettast  
på med tilskotsordningar til  
dei hotell som driv under eit  
alkoholfritt tilbod. Skadeverk-  
nadane av normoppløysing i  
samfunnet opptek også  
mange, og her må vi alle gå  
inn for ei moralsk opprusting

på alle felt i fylket. Tryggleik i  
heim, skule og samfunn er eit  
mål i seg sjølv. Lat oss bygg-  
je eit godt nærmiljø, gode  
heimar, gode bustadtilhøve,  
samarbeid mellom heim og  
skule, omsorgsteneste og eit  
godt oppvekstmiljø. Oddlaug  
Vereide i Gloppen, som er nr.  
2 på Kr. F. si liste ved kom-  
munevalet i Gloppen kom-  
mune i haust, seier at vern  
om kristenarven i kyrkje,  
skule og kulturliv, vern om  
født og ufødt liv, om ekteskap  
og familieliv, og arbeid for so-  
sial utjamning og gode livsvil-  
kår nasjonalt og globalt, er  
grunnpillrar for ei vidare  
utvikling av eit godt sam-  
funnsliv.